



Møtereferat

Møte nr. 3 i: Utval for politisk styringsstruktur	Dato: 11.01.2018	Tid: Kl. 14.30 – 16.30
Møteleiar: Marianne Sandahl Bjorøy	Stad: Nye Øygarden kommune, Skjenet 2	
Medlemmer som møtte: Marianne Sandahl Bjorøy Ernst Einarsen Kristin Brennhaug Jogeir Sognnæs Jørgen Kausland Børge Haugetun Ingrid Marie Toft	Forfall: Ingen	
Andre: Ingen		
Referent: Willy Sørensen		

Saksnr	Sakstittel
1/18	Velkomen ved leiar Marianne Sandahl Bjorøy Leiaren ønskte velkomen til møtet
2/18	Godkjenning av innkalling og saksliste, og godkjenning av tidlegare utsendt referat frå førre møte 029.11.2017. Innkalling og saksliste vart godkjend utan merknader. Leiar viste til at tema frå førre møte – utvalet sitt framlegg til framtidig politisk styringsstruktur i NØK med to hovudutval- var lagt fram for fellesnemnda i deira møte 14.12.2017. Fellesnemnda hadde ingen merknader til dette. Utvalet vart samd om at dette ville verte meir utdjupa når utvalet skal fremje sluttsak om utvalet sitt arbeid for fellesnemnda, -jf vedteke mandat for utvalet.



3/18 Drøfting av utkast til reglement for delegering av politisk mynde, datert 04.01.18

Drøftingane hadde m.a fokus på følgjande:

- Dei tre kommunane har i dag 3 relativt ulike reglement for delegering av politisk mynde.
- Det framlagte utkastet var eit godt utgangspunkt for å komme fram til eit samlande framlegg til fellesnemnda. Det vil også vere tid til å «finpusse» på det, fram til det nye kommunestyret for den nye kommunen skal vedta det etter valet hausten 2019.
- Balansen mellom matriseforma og vanleg tekst fungerer godt saman.
- Utvalet ønskte å gjere ein del tilpassingar /endringar i utkastet før det skal fremjast for fellesnemnda. Ein vil m.a tilrå endringar i storleiken på ein del beløp som er delegert til formannskapet å disponera (jf. pkt. 2 g) og h), og ein del endringar i teksten.
- Utvalet hadde stor fokus på om ein skal tilrå eit politisk/administrativt utval etter modell av Politisk arbeidsutval (PAU) i Fjell. Ein konkluderte ikkje på dette, men vil kome attende til dette i det vidare arbeidet.
- Utvalet hadde også stor fokus på om i kva grad og korleis ein evt. skal ha ei ordning med (politisk) saksordførar i spesielle saker, -t.d større plansaker. Vurdert som naturleg å sjå i høve hovudutvala sin arbeidsmåte. Ein var samd om å drøfte dette i det vidare med fellesnemnda og ev. i det nye kommunestyret.

I innkallinga til møtet låg det også føre eit oversyn over kva råd og utval som er i kvar av dei tre kommunane. Utvalet hadde ein del merknader til dette, som også vil verte innarbeidd i saksgrunnlaget til fellesnemnda.

4/18 Ymse

Sekretæren fekk i oppdrag til neste møte å utarbeide eit arbeidsgrunnlag for drøfting av folkevalde sine arbeidsvilkår, basert på gjeldande ordningar i dei tre kommunane. Jf. tidlegare vedtekne arbeidsplan for utvalet.

Elles vart det ikkje drøfta spesielle saker eller tema under ymse.

17.01.2018
Willy Sørensen
Referent



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

--	--

Postadresse:
Postboks 184
5342 STRAUME

Besøksadresse:

Telefon: 55 09 60 00
Telefaks: 55 09 60 01
www.fjell.kommune.no

Bankkonto:
Bankkonto for skatt og avgift:

5261 05 00013